

Landbruks- og Matdepartement
Postboks 8007 Dep.

0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr: 06/143	Doknr: 110
Mottatt: 12 MAI 2006	MP/SDA
Saksnr: MP/13	713
Ansvar:	Ansvar:



Dykkar ref:
200600143

Vår ref:
06/00086-2

Sakshandsamar:
Audun I. Torvund

Arkivkode:
V50

Dato:
10.05.2006

Administrativ uttale frå Fitjar og Stord kommunar i høve endring av lov om veterinærer og anna dyrehelsepersonell

Dokument :

1. Høyringskriv frå Landbruks- og Matdepartementet av 12.02.06; "Høring av forslag til endring av lov 15. juni 2001 nr. 75 om veterinærer og annet dyrehelsepersonell".
2. Skriv av 07.03.06 frå Den Norske Veterinærforening; "Vedrørende forslag til endring av dyrepersonelloven".

Bakgrunn:

I dok. 1 går det fram at staten ved LMD ynskjer å flytta det overordna ansvaret for dyrehelsetenesta frå staten til kommunane frå og med 2007. LMD meiner at kommunane skal sørgje for at det finst tilfredsstillande tilgang på dyrehelsepersonell generelt og især ei klinisk veterinærvakt i kommunen. Kvar kommune skal stå økonomisk ansvarleg for kostnadene knytt til veterinærvakta, og skal forhandla med dei aktuelle veterinærane.

Vidare går det fram av høyringskrivet frå LMD at det er opp til den einskilde kommune å finna ut korleis ein vil løysa oppgåvene knytt til å skaffa tilfredsstillande tilgang til dyrehelsepersonell. Det vert dermed opp til kvar einskild kommune å finna ut kva som er "tilfredsstillande tilgang". Det vert frå staten si side sagt at kommunane er dei beste til å vurdera korleis ei klinisk veterinærdekning skal oppretthaldast i eit område og korleis veterinærvaktene skal organiserast.

Den Norske Veterinærforening (DNV) har i eit brev til høyringsinstansane stilt ei rekkje spørsmål som dei meiner staten ikkje har gjeve svar på. Det gjeld m.a.:

- Kva er det ansvaret omfattar ?
- Kva er tilfredsstillande veterinærdekning ?
- Kva er tilfredsstillande veterinærvakt og korleis skal denne organiserast ?
- Kva økonomiske rammer har kommunane å førehalda seg til ?
- Kva garanti har ein for at staten dekkjer kommunane sine utgifter ?

DNV meiner at det ikkje er gjeve svar på desse spørsmåla og at ei overføring av ansvaret frå staten vil kunna medføra store skilnader på veterinærordningane mellom kommunane i landet, noko som kan føra til dårleg dyrevernberedskap, svak beredskap mot alvorleg smittsame sjukdomar og auka veterinærkostnader for den einskilde husdyrhaldar. Konklusjonen frå DNV er såleis, på eit reint fagleg grunnlag, at staten framleis bør ha det overordna ansvaret for å sikra ei landsdekkande dyrehelseteneste.

7.

Vurdering:

Stord Fitjar Landbruks- og Miljøkontor er av den oppfatning at veterinærdekning og veterinærvakt framleis bør vera eit statleg ansvar. Staten har Mattilsynet med sine region- og distriktskontor med eige fagorgan som kan administrera desse tenestene. Distriktskontora har like godt oversyn over trongen for veterinærtenester i sitt område som kommunane har. Mattilsynet har fagkompetansen, ein kompetanse som nettopp staten sjølv har vore med å byggja ned i kommunane, jfr. det tidlegare lovpålagde kompetansekravet til personell som skal utføra landbruksoppgåvene lokalt. Kommunane kan gjerne vera ein samarbeidspart i høve til dei statlege organa, men det vil i større grad sikra likebehandling når staten framleis har det overordna ansvaret for veterinærdekning og vakt.


Me kjenner elles til dei konfliktane som har vore i samband med forhandlingane mellom staten og DNV, noko som tyder på at det er svært stramme økonomiske rammer for ordninga allereie i dag. Det er difor grunn til å tru at kommunane vil få eit vesentleg arbeid med å forhandla fram tilfredsstillande ordningar. Det ligg også nær å tru at kommunane vil få ei ekstra økonomisk bør med å løyva dei midlane som staten til no ikkje har vore villig til å dekkja, utan at dette vert kompensert frå staten si side. Såleis vil kommunar som ikkje vel å prioritera veterinærordninga kunna få ei dårleg dekning, auka kostnader for dyrehaldarane og dermed på sikt dårlegare dyrevern og beredskap mot alvorleg smittsame sjukdomar. Verken Stord eller Fitjar har i dag budsjettmidlar til noko veterinærordning og ville i så måte måtte starta frå botnen av. Kommunane her vest er elles også vel kjende med å overta oppgåver frå staten dei siste 15-20 åra, utan at dette har vorte tilstrekkeleg kompensert i form av overføringar.


Konklusjon/uttale:

1. Stord Fitjar Landbruks- og Miljøkontor meiner staten framleis må ha det overordna ansvaret for veterinærdekning og veterinærvakt. Den praktiske utøvinga av ansvaret bør som i dag liggja til Mattilsynet sine distriktskontor.
2. Dersom kommunane likevel får overført ansvaret for veterinærdekning og veterinærvakt, må det vera ein ufråvikeleg føresetnad at staten fullfinansierer ordninga og dekkar dei meirutgiftene som skal til for å få ein tilfredsstillande avtale på plass.

Høyringsaaka vil, på bakgrunn av den administrative uttalen, verta lagd fram til politisk handsaming i formannskapa i Fitjar 31.05.06 og Stord 14.06.06. Vedtaka derifrå vert ettersende så snart dei ligg føre.

Stord Fitjar Landbruks- og Miljøkontor


Audun I. Torvund


Ove Gjerde

Kopi til:
Rådmann Atle Tornes, Fitjar kommune
Kommunalsjef Reidun Myklebust, Stord kommune